

Julehelsing frå Rogaland Sau og Geit, desember 2014



Nå er det blitt desember og jula nærmar seg. Det har vore eit godt beiteår, og dei fleste lamma er slakta med gode vekter og klasser. Håper alle har hatt ein god paringssesong der veren har gjort jobben sin og me kan sjå fram til lemninga.

Det er fleire som har hatt radiobjøller frå «Find My Sheep» på nokre av sauene sine i sommar. Dei fungerer bra og det er eit godt verktøy for å finna ut meir om kor sauene går og korleis dei beveger seg i løpet av beitesesongen.

Fotråteprosjektet i regi av Sau og Geit er nå avslutta og 20. oktober var det avslutningsmøte på Høyland. Vert det nye utbrot av fotråte, er det Mattilsynet som skal handtere det frå 1.jan. 2015

RSG ynskjer innspel til jordbruksforhandlingane! Det er viktig å komme med forslag til endringar og forbetringar. Det er ikkje alltid me får det som me vil, men det er på denne måten me kan påverka .

Den nye sauekontrollen fungerer strålande og får stadig fleire funksjoner tilgjengelig. I midten av desember skal appen være klar, til glede for mange digitale brukara.

Årsmøte i RSG skal være på Quality Airport Hotell, Sola, 20.-21. februar. Det er viktig at lokallaga møter med så mange representantar som de kan. Dersom ingen i lokallagsstyre kan reise, må dykk senda medlemmer i laget. Det fremmer interessa å få vere med på slike møter.

NSG jobbar med omfattande lovendring, høyring vert sendt til lokallaga med svarfrist i februar

Så vil me ynskje alle gode sauebønder ein fredelig jul og eit godt nytt år.

Med helsing
Styret i Rogaland Sau og Geit